

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 19.11. 2005
Saksandsamar: Hilde Christiansen og Torunn Nilsen
Saka gjeld: Organisering av Helse Vest - administrasjonen

Styresak: 107/05 B

Styremøte 23.11. 2005

Innleiing

Organisering av Helse Vest RHF sin administrasjon vart sist handsama av styret 27. mai 2005. Bakgrunnen for dette var krav stilte frå eigar i føretaksmøte 17. januar 2005 for Helse Vest RHF. Stillingsramma vart då auka frå 29 til 33 årsverk.

Kommentarar


Helse Vest RHF vart i føretaksmøte 17. januar 2005 bedt om å organisere det regionale helseføretaket i tråd med protokoll frå føretaksmøte.

For å ivareta dei ulike krava som er gitt i protokoll frå føretaksmøtet har administrasjonen hatt ei intern samling med alle medarbeidarar, engasjert PricewaterhouseCoopers og Advokatfirma Kluge ANS for å sikre eit best mogleg fundament for organiseringa. Samstundes har ein vore opptatt av å sikre dei formelle og organisatoriske krava til innhald og avgrensingar som ligg i protokollen frå føretaksmøtet.

Føretaksprotokollens krav om tydelegare skilje mellom dei to rollene som ivaretakar av "sørge for" -ansvaret og eigar av underliggende helseføretak inneber eit ønske om eit klarare skilje mellom bestillar – og utførarrolla. Dette blir understøtta ytterligare av kravet om ei betre praktisering av føretaksmøllen for private aktørar.

Den framtidige organiseringa må gje rom for god samhandling på tvers av avdelingar og effektiv utnytting av dei samla ressursane. Samtidig må organisasjonen få eit meir spissa fokus på eigar- og sørge for rolla i tråd med krav frå eigar.

Følgjande figur viser oppgåvedelinga etter dei endringane i organisasjonen som vart vedtekne i styremøte 2005:



Styret gjorde i styremøte 27. mai 2005, i sak 53/05 B - Organisering av Helse Vest RHF, følgjande samråystes vedtak:

1. Styret i Helse Vest sluttar seg til endringane i organisering av Helse Vest RHF.

2. Styret vedtar utvida stillingsramme for Helse Vest RHF til 33 årsverk.

3. Styret ber administrasjonen koma tilbake til ei sak som klargjer innhaldet i sørge for ansvaret og som omtalar samhandling med og bruk av private aktørar.

Protokolltilførsel (frå Aslaug Husa, Inger F. Hamborg, Helge Espelid):

Dei styremedlemma som er valde av dei tilsette beklagar at konsekvensane av krava i frå eigar fører til reduksjon i stillingar i pasientbehandling der jobben vert utført, samstundes med at det må opprettast stillingar for å sørge for og kontrollere at arbeid vert utført.

Behov for styrking på nye område:

Nye stillingar på områda internrevisjon (innleie av internrevisor), rekneskap og analyse er det no tilsett i.

Ulysing av stilling knytt til innkjøp og kontraktsadministrasjon har vore utsett grunna plassproblem. Denne stillinga vil bli lyst ut no.

Helse Vest RHF har den minste administrasjonen av alle RHF-a, men har så langt levert i tråd med krav frå styre og eigar (HOD). Administrerande direktør vil understreka at belastninga på administrasjonen i Helse Vest RHF har sidan reformstart vore svært stor. Det er no behov for å finna rett bemanning i forhold til dei oppgåver som vårt styre og vår eigar ønskjer gjennomført, samstundes må det understrekast at arbeidsbelastninga for mange av dei tilsette må reduserast.

Arbeid med overordna føretaksplan, samarbeid med helseføretaka og forsøk på å implementera nye krav frå eigar i gjeldande organisasjon har vist at det framleis er behov for å auke ressursane på nokre område.

Bestilling (jurist)

Føretaksprotokollens krav om tydelegare organisatorisk skilje mellom dei to rollene som ivaretakar av sørge for - ansvaret og eigar av underliggende helseføretak, inneber eit ønske om eit klarare skilje mellom bestillar – og utførarrolla. Dette blir understøtta ytterligare av kravet om ei betre praktisering av føretaksmodellen for private aktørar.

Dagens organisasjonsmodell har ikkje i tilstrekkeleg grad skilt dei to viktige rollene i forhold til dei forventningar som nå ligg føre. Den framtidige organiseringa må gje rom for god samhandling på tvers av avdelingar og effektiv utnytting av dei samla ressursane.

Administrerande direktør har forsøkt å løysa dette innafor eksisterande stillingsramme. Konklusjonen så langt er at fagavdelinga treng å få tilført juridisk kompetanse for å sikre tilstrekkeleg kvalitet ved anbodsprosessar, tilhøyrande forhandlingar og oppfølging av avtaler, ved kjøp av tenester utanfor eigne helseføretak. Innkjøpsprosessane er omfatta av reglane for offentleg anskaffing.

Eit alternativ kunne ha vore å overføra ein av våre juristar til fagavdelinga. Denne løysinga er ikkje aktuell då vi allereie i dag har begrensa kapasitet i høve til juridiske oppgåver både på RHF-nivå og i høve til bistand til helseføretaka.

Arbeidet som ansvarleg for bestilling vil vera tilsvarende 100% stilling.

Rus/Psykiatri (lege)

Det er eit krav frå styre og eigar (HOD) at psykiatri og rus skal prioriterast sterkare. Så langt ser ein at vi har store utfordringar innan desse områda i helseregion vest. Dette gjeld både innan HF-a og i samhandling mellom HF-a. Ikkje minst er det eit stort behov for samordning mellom eigne HF og private institusjonar. Situasjonen har avdekkja eit stort behov for fagleg spisskompetanse innan desse områda. Administrerande direktør ser at det er behov å styrke fagavdelinga med ein stilling (lege) med kompetanse innan psykiatri og rus.

Byggeprosjekt

Det er planlagt gjennomført store utbyggingsprosjekt, innan føretaksgruppa Helse Vest, dei nærmaste 5 – 8 åra. Totalt sett er det planar om å byggje for ei samla kostnadsramme på 4 – 5 mrd kroner. Så langt er ansvarsforholdet knytt til utbyggingsprosjekta vist i "Prosedyre for beslutning om og gjennomføring av investeringsprosjekter," fastsett av styret i Helse Vest RHF 11.05.2004 i sak 039/04.

Styret i Helse Stavanger og Styret i Helse Bergen har bedt om å få fram eigne saker om organisering og styring av store utbyggingsprosjekt. Spørsmålet er om Helse Vest RHF som konsern kan ta eit overordna strategisk ansvar for ein så stor investeringsportefølgje

utan å sikre seg at dette er forankra med kompetanse i RHF-et. Administrerande direktør har difor bedt om å få fram ei sak som syner korleis andre RHF/store selskap har løyst tilsvarende utbyggingsoppgåver. Denne saka er under arbeid og vil bli presentert for styre i første halvår 2006. Det er behov for å styrke administrasjonen i Helse Vest med strategisk utbyggingskompetanse frå store utbyggingsprosjekt slik at vi kan sikra rett organisering, rådgjeving og god oppfølging av HF-a. Alt etter korleis slike store prosjekt blir organiserte, vil og ein slik ressurs kunna nyttast inn i direkte dialog med den instans som blir ansvarleg for styring av dei store prosjekta.


Administrerande direktør vil difor be om å få tilført ei ny stilling med strategisk kompetanse på utvikling, planlegging og gjennomføring av store utbyggingsoppgåver.

Forslag til ny organisering:

Etter gjennomgang av organisasjonen ønsker administrerande direktør å gjera følgjande endringar i organisasjonen.

Ansvaret for eit samla sekretariat blir lagt til styresekretær. Innkjøpsavdelinga blir lagt under økonomi. Resterande del av administrasjonsavdelinga blir lagt til eigar avdelinga. Det same blir prosjekt.

I organisasjonskartet under er og dei nye stillingane vist organisatorisk plassering.



Dei organisatoriske endringane ein nå føreslår understøtter og sikrar ein god modell for å ivareta dei to viktige rollene som Helse Vest RHF er tildelt, og at oppgåvene som ligg i disse blir løyst på ein tillitvekkande og fagleg solid måte.

Endra ressursbehov:

1. Administrerande direktør vil rå til at fagavdelinga vert styrka med ein jurist til å leie bestillareininga og ein lege med hovudansvar for satsinga innan rus og psykiatri.
2. Administrerande direktør vil vidare rå til at eigaravdelinga vert styrka med ein stilling som kan ivareta planlegging og oppfølging av byggeprosjekt i samarbeid med helseføretaka.

Dette medfører at stillingsramma i Helse Vest administrasjonen blir auka frå 33 årsverk til 36 årsverk.

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Vest sluttar seg til endringane i organisering av Helse Vest RHF.
2. Styret vedtar utvida stillingsramme for Helse Vest RHF til 36 årsverk.